

UTLYSING AV MIDLAR TIL INNOVASJON I HELSE VEST

FØRINGAR FOR SØKNADER OM REGIONALE MIDLAR, 2022

INNHOLD

Utlysing av midlar til innovasjonsprosjekt i helse vest	2
Prioriterte område i 2022	2
Søknadskategoriar.....	3
Vurderingskriteriar.....	4
Søknadsbehandling	4
Kven kan søke	5
Finansiering og institusjonell forankring.....	5
Brukarmedverknad	6
IKT og arkitektur.....	6
Obligatoriske element og vedlegg.....	6

UTLYSING AV MIDLAR TIL INNOVASJONSPROSJEKT I HELSE VEST

Helse Vest RHF lyser ut inntil 16 millionar kroner til innovasjonsprosjekt i 2022. Fristen for å søke om midlar til innovasjonsprosjekt er 7. oktober 2022, kl. 13.00.

PRIORITERTE OMRÅDE I 2022

Helse 2035, Helse Vest sin strategi, og *Nasjonal helse og sjukehusplan 2020-2023* ligg til grunn for dei prioriterte satsingsområda for tenesteinnovasjon i utlysinga for 2022. I åra framover vil etterspurnaden etter helsetenester auke, samtidig som det økonomiske handlingsrommet og talet helsepersonell ikkje vil auke i same grad.

Helse Vest vil difor prioritere prosjekt som legg vekt på gevinstar for helsetenesta i form av ei meir optimal organisering, ressursbruk og/eller reduserer behovet for vekst i helsepersonell, og gjerne med potensial for regional skalering.

Det vil i nokon grad bli lagd vekt på ei spreiing av innovasjonsprosjekt i ulike delar av regionen og innan dei ulike satsingsområda.

Prioriterte satsingsområder

Helse Vest RHF vil prioritere søknader som omhandlar eit eller fleire av desse satsingsområda (gjeld ikkje for produktinnovasjon):

- **Pasientar og pårørande si helsekompetanse og medverknad**
Prosjekt som involverer pasient og pårørande som aktive deltakarar i utforminga av eigen helsehjelp, aukar helsekompetansen og deira føresetnadar for eigen mestring.
- **Nye arbeidsformar, betre bruk av teknologi og meir brukarstyring**
Prosjekt som utviklar eller gjør bruk av nye arbeidsformer, betre bruk av teknologi og støtter meir brukarstyring. I denne kategorien er prosjekt knytt til heilsakaplege modellar for digitale helsetenester, gjerne i samarbeid med kommunal helseteneste, særleg relevante.
- **Eitt helsevesen**
Prosjektet sørger for nye og betre samhandlingsformer mellom føretak, kommune og/eller brukarar av helsetenester.
- **Redusere uønska variasjon**
Prosjektet bidreg til å redusere uønska variasjon i kvalitet og tilgjengeleghet i tenestetilbodet.

Prosjekta/tiltaka kan vere nye eller allereie i gang.

Prioriterte pasientgrupper

Helse Vest er særleg opptatt av søknadar som treff psykiske lidingar og rus, og barn og unge, i tillegg til kronikarar, multisjuke og skrøpelege eldre.

I tillegg vil Helse Vest leggje vekt på prosjekt:

- som har samarbeid med fleire helseføretak i regionen, der dette er relevant
- som har samarbeid med kommunar, der dette er relevant

Dersom de har planar om å söke finansierings frå andre finansieringskjelder, så vil dette kunne styrke søknaden.

Produktutvikling med eit kommersielt potensial

For innovasjonar knytt til produktutvikling med eit kommersielt potensial er det ingen tematiske føringar eller prioriterte pasientgrupper.

SØKNADSKATEGORIAR

Det lysast ut midlar i to søknadskategoriar.

1. Nye innovasjonsprosjekt

Prosjekt som gjennomførast for første gang og ved eige helseføretak (prosjekeigar). Det kan søkast om midlar til nye idéar, eller prosjekt som allereie har starta opp.

Maks stønad frå Helse Vest RHF er 1,2 millionar kroner i denne kategorien. Dersom prosjektet er i ei tidleg fase kan det vere tenleg å söke om eit mindre stønadsbeløp (gjeld også for produktinnovasjon). *For å kvalifisere til maks stønad i denne kategorien må det vere samarbeid mellom minst to helseføretak i Helse Vest* (gjeld ikkje for produktinnovasjon).

2. Idéoverføring

Det kan søkast om prosjektmidlar til å adoptere gode innovasjonsløysingar som har vist seg å vere vellykka i andre sjukehus/helseføretak, anten i Helse Vest regionen eller nasjonalt/internasjonalt. Dette er eit verkemiddel for å spreie gode innovasjonar/løysingar som allereie er teke i bruk i helsetenesta.

I søknaden skal de gjere greie for kvifor de vil adoptere akkurat denne løysinga, kva for gevinstar de forventar, og korleis de vil samarbeide med organisasjonen de skal adoptere løysinga i frå. Maks stønad frå Helse Vest RHF er 400 000 kroner i denne kategorien.

Prosjektkategoriar		
Type stønad	Nye innovasjonsprosjekt	Idéoverføring
Maks stønad frå Helse Vest	Inntil 1,2 millionar kroner	Inntil 400 000
Prosjektperiode	Inntil 24 månader	Inntil 18 månader

Det er viktig at prosjekta har god strategisk forankring i sjukehuset/føretaket for å auke sannsynet for at løysinga blir teke i bruk, om innovasjonsprosjektet er vellykka. Det er obligatorisk med minimum 20 % eigenandel av prosjektet sine totale kostnader frå prosjekteigar/partnarar. Dersom de søker Helse Vest om 1,2 millionar kr, vil minimum eigenandel (gjerne som eigeninnsats i form av frikjøp av personalressursar) frå prosjektgruppa vere 300 000 kr. For idéoverføring er tilsvarende beløp minimum 100 000 kr om de søker Helse Vest om 400 000 kr i stønad.

Midlar skal nyttast innanfor ei prosjektramme på to år i kategorien nye prosjekt og innanfor 18 månader i kategorien idéoverføring. Prosjekta må starte opp i løpet av dei første fire månadane etter tildeling.

VURDERINGSKRITERIAR

Søknadane vil bli vurdert ut frå følgjande kriteria (sjå prosjektmalar for ei nærmare skildring av vurderingskriteria – *les desse nøye i prosjektmalen før de planlegg prosjektsøknaden*);

Nye prosjekter ved eige helseføretak

1. Relevans for satsingsområda (10 %)
2. Kvalitet (innovasjonshøgde, innovasjonsmetodikk og kunnskapsbehov (30 %)
3. Gevinstar for pasientane, tenesta, samfunnet og plan for å realisere gevinstane (30 %)
4. Gjennomføring av prosjektet (30%)

Idéoverføring - vurderingskriteria

1. Relevans for satsingsområda (10 %)
2. Innovasjonshøgde og kunnskapsbehov (30 %)
3. Gjennomføring av prosjektet (30 %)
4. Gevinstar og nytte for pasientane og helsetenesta (30%)

Det vil bli nytta ein skala frå 1 – 6 for dei fire kriteria. Det blir satt ein samla karakter for søknaden.

SØKNADSBEHANDLING

Søknadane vil behandla av ein regional komité der rundt 50 % er eksterne evaluatorar og 50 % er interne. I tillegg vil brukarrepresentant og konserntillitsvalde delta i komitéen.

Leiarmøtet i Helse Vest RHF vil avgjere den endelege fordelinga på bakgrunn av komitéen sitt arbeid. Ved tildeling vil det bli lagd vekt på å oppnå ei spreiing av prosjekt i ulike delar av

regionen og innan dei ulike satsingsområda.

KVEN KAN SØKE

Prosjektleiar må ha si hovudstilling i eit helseføretak i Helse Vest eller ved ein privat ideell institusjon/sjukehus som har driftsavtale med Helse Vest RHF. Søknaden må fremmast gjennom institusjonen som har høve til å søke.

Prosjekt som allereie har motteke stønad frå Helse Vest si innovasjonsutlysing, kan søke om midlar dersom dette inneber ei vesentleg vidareutvikling av prosjektet. Om de tidlegare har motteke midlar til same prosjekt, skal dette gjerast greie for i søknaden.

FINANSIERING OG INSTITUSJONELL FORANKRING

Det er viktig at prosjektet har god strategisk forankring i sjukehuset/føretaket for å auke sannsynet for at løysinga blir teke i bruk, om innovasjonsprosjektet er vellykka. Difor er det obligatorisk med ein eigenandel på minimum 20 % frå prosjekteigar/deltakarane av prosjektet sitt totale budsjett. Søknad og det totale prosjektbudsjettet skal godkjennast av leiar/klinikkdirektør i søknadsportalen eSøknad.

Det blir automatisk sendt ein generert e-post til forankringsansvarleg i føretaket, som skal godkjenne søknad og budsjett. Merk at søknaden ikkje blir rekna som fullført før det føreligg ei stadfesting på at forankring er motteke av Helse Vest RHF. Frist for forankring er satt til éi veke etter søknadsfrist.

Kva kan støttast?

Personalrelaterte kostnader, kjøp av tenester, utgiftar til utstyr/driftskostnader kan støttast. *Utgiftar til utstyr kan berre utgjere 30 % av kostnadene.* Søknadsbeløpet skal spesifiserast i budsjettmodulen i eSøknad. Budsjettet skal samsvare med definerte milepålar, aktivitetar og innhald.

Finansieringsplanen skal opplyse om direkte kostnadane knytt til aktivitetane som ein søker støtte til, eigeninnsats (timetal x timesats), anna finansiering og søkt beløp frå Helse Vest RHF. Totalsummen for kostnadane skal være lik totalsummen i finansieringsplanen.

Stønad til eksterne samarbeidspartnarar

Dersom ein samarbeider med kommunar, næringsliv, akademia eller forskingsinstitutt er det ein føresetnad at desse partane også bidreg med eigne ressursar i prosjektet, i tillegg til at inntil 20 % av stønaden frå Helse Vest kan nyttast til dei eksterne aktørane. Samarbeidet skal skildrast i søknaden. Me anbefaler at de lagar ein samarbeidskontrakt som gjer greie for dei ulike aktørane si rolle, oppgåver, kompetanse og rettar i prosjektet.

Helse Vest forventar at de kontaktar **Sykehusinnkjøp HF Vest** med tanke råd og rettleiing om eventuell marknads- og leverandørkontakt før de søker midlar frå Helse Vest. Sykehusinnkjøp vil kunne rettleie korleis ein skal gå fram for å finne relevante samarbeidspartnarar frå næringslivet, også med tanke på ei eventuell anskaffing i etterkant av eit samarbeid.

Dersom løysinga har eit kommersielt potensial bør de opplyse om samarbeid med den TTO-en (Technology Transfer Office) som helseføretaket har avtale med.

BRUKARMEDVERKNAD

Det skal gjerast greie for i kva grad brukarar (pasientar, pårørande, helsepersonell) er involvert i planlegging, gjennomføring, formidling og/eller evaluering av prosjektet.

[Veileder for brukermedvirkning i helseforskning i spesialisthelsetjenesten \(mai 2018\)](#) kan og nyttast i utvikling og gjennomføring av innovasjonsprosjekt.

IKT OG ARKITEKTUR

Dersom det skal innførast eller utviklast nye IKT-løysningar i eit prosjekt, bør søkerar innhente vurderingar om korleis løysingane skal kunne virke i samanheng med eksisterande infrastruktur i Helse Vest. Ta først kontakt med lokalt arkitekturansvarleg i føretaket, før du ev. kontaktar Helse Vest IKT. Helse Vest IKT kan vere ein av samarbeidspartnarane i prosjektet. Dette må avklarast med Helse Vest IKT i forkant av søknaden.

Dersom løysinga i prosjektet inneholder bruk av digitale løysingar/skjema, bør dette avklarast med lokalt EPJ-senter for å sikre at du vel ei løysing som egnar seg for akkurat ditt prosjekt. EPJ-senteret kan ved behov drøfte saken med [skjemagruppa for digitale kliniske skjema i Helse Vest IKT](#).

OBLIGATORISKE ELEMENT OG VEDLEGG

Søker har sjølv ansvar for at innsendt søknad er fullstendig og i tråd med søknadskriteria, samt at søknadsskjema er korrekt fylt ut og at obligatoriske vedlegg er lasta opp. Ein ufullstendig søknad, eller ein søknad som ikkje overheld **formatkrav**, vil bli avvist. Dersom det søker om meir enn maksimalt støttebeløp frå Helse Vest vil søknaden bli avvist.

Følgande obligatoriske dokument skal sendast inn:

- Søknadsskjema i søknadsportalen eSøknad

- Prosjektskisse iht. malar som vedlegg i søknadsportalen eSøknad:
 - [Mal for prosjektskisse - nye innovasjonsprosjekt](#) - maks 4 sider
 - [Mal for prosjektskisse - idéoverføring](#) - maks 3 sider

Det er berre desse dokumenta som skal lastast opp. Ytterligare vedlegg blir ikkje vurdert.

Spørsmål kan rettast til: innovasjonsmidler@helse-vest.no

Alternativt ta kontakt med følgjande kontaktpersoner i Helse Vest RHF:

Lena Forgaard, ansvarleg for innovasjon i Helse Vest RHF, lena.forgaard@helse-vest.no

Nejla Karahasan, rådgivar i Helse Vest RHF, nejla.karahasan@helse-vest.no

Sykehusinnkjøp HF:

Bjarte Wetteland, avd.leiar. IKT og bygg, Sykehusinnkjøp HF, bjarte.wetteland@helse-vest-innkjop.no